



Kjell Tennebekk
Brønndalen 75
5176 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/23 - 16/5580

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
15.03.2016

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 36/94 Ådland.

Administrativt vedtak. Saknr: 68/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 28.12.2015, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritdsbustad på Ådland. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat vassleidning i området, jf vedlagte situasjonskart journalført 29.12.2015. Det ligg føre erklæring frå eigar av den private vassleidningen som gjev eigedomen gbnr 36/94 rett til dette.

Det ligg også føre erklæring frå Riplevikvegen Del 3 v/styreleiar Per Ivar Gjærum som gjev eigedomen gbnr 36/94 løyve til å krysse/grave i felles privat veg, samt erklæring frå eigar frå gbnr 36/3 og eigar av gbnr 36/93 med løyve til å leggja leidning over privat grunn.

Vurdering:

Eigedomen har fått godkjent utslepp med slamavskiljar i sak DNT.66/2016. Naudsynte erklæringar ligg føre og administasjonen har ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Plan:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er vist som noværande område for hytter som i vesentlig grad er utbygd utan reguleringsplan.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart, journalført 29.12.2015.

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Fløysand VA.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 36/94 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad journalført 29.12.2015:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Ettersom søknaden kom inn i 2015 vert tilknytningsgebyret rekna per 01.01.2015 og er for vatn kr 10 000,- pluss mva.

Føretaket Fløysand VA har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling 36-94

Mottakere:

Fløysand VA, Kjell Tennebekk
Kjell Tennebekk

Fløksand 76 5918
Brønndalen 75 5176

FREKHAUG
LODDEFJORD